

Osterøy kommune  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg



## Søknad om løyve til bruksendring på gnr. 69 og bnr. 1 i Osterøy kommune

Vedlagt ligg søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett. Tiltaket gjeld bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, der ei bod med wc vert bygd om til ein hybel med opphaldsrom/soverom, eit tekjokken, wc og dusjrom. Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel sett av til LNF-område.

Bakrunnen for bruksendringa er at tiltakshavar ynskjer å leige ut kjellardelen av bustaden i form av kortidsutleige.

Bruksendringa er ikkje nabovarsla då dei søknadspliktige endringane er innvendige og dermed ikkje vil påverka naboane i noko grad.

Dette er ein eldre einebustad som vart bygd i 1880. Slik det ofte er i denne typen hus, er hovudetasje og kjellar ikkje bundne saman med innvendig trapp. Slik at ein må ut av hovudetasjen for å koma ned i kjellaren. Kjellaren er like fullt ein del av denne eine bueininga, og det vil den halde fram med å vera òg etter bruksendringa.

Begge dei omsøkte opphaldsromma har rømningsvindaug. Vindauga sit litt for høgt på veggene i forhold til rømning, og det er derfor sett inn eit trinn.

Tomta ligg i utløpsområde for snøskred i NVE sine kart, og det er difor kryssa av for at «byggverket plasseres i skredutsatt område» i søknadsskjemaet. Sidan dette er ei bruksendring utan utvendige endringar og det ikkje vert noko auke i bueiningar, medfører ikkje tiltaket noko vesentleg endring på tomten. Men det er utarbeidd ein skredrapport for eigedommen i samband med ein byggesøknad i 2022, og rapporten kan ettersendast om ynskjeleg.

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing  
**Helge Rød A/S**

Synnøve Tveiterås